

# **Protokoll etter årsting i Møre og Romsdal skyttarkrets i 2019**

## **Molde, laurdag 9. februar 2019 frå kl 12**

### **Sak 1: Godkjenning av frammøtte representantar**

Det møtte 23 representantar frå klubbar og kretsstyret. Alle blei godkjende med stemmerett.

### **Sak 2: Godkjenning av innkalling, sakliste og forretningsorden**

Innkalling, sakliste og forretningsorden blei godkjende.

### **Sak 3: Val av dirigent, referent samt 2 representantar til å skrive under protokollen**

Helge Kristiansen blei vald til dirigent, Are Berg til referent. Jan Arve Wiik og Lena Bratteberg blei valde til å signere protokollen og Olaf Isaksen og Karoline Hansen blei valde til å telle stemmer.

### **Sak 4: Behandle årsberetningar for 2018**

Årsberetningar for Møre og Romsdal skytterkrets, Pistol, Rifle, Leirdue og utdanningskontakt blei lesne og vedtekne.

### **Sak 5: Behandle kretsen sitt rekneskap for 2018**

Kasserar Rolf Toven las opp revisor si beretning som var utan merknadar til årstinget. Toven forklarte resultat- og balanserekneskapen. Rekneskap med eit overskot på 66 825,02 og eigenkapital på 430 252,29 blei vedteke som skyttarkretsen sin rekneskap for 2018.

### **Sak 6: Behandle innkomne forslag**

#### **Rullering av Langtids- og virksomhetsplan**

Oppdatert Langtids- og virksomhetsplan for 2019 – 2023 for skyttarkretsen blei lesen og vedteken.

#### **Utbetaling av premiepengar**

Det blei vedteke at alle klubbar skal betale ut premiepengar innan 31.1. året etter konkurransen.

#### **Publisering av informasjon om årstinget**

Det blei vedteke at innkalling, saksdokument og protokoll for skyttarkretstinget heretter blir distribuerte til klubbane via epost og lagde ut på kretsen si nettside. For innkalling og saksdokument skal distribusjonen skje innan fristane i lovverket og protokollen skal distribuerast slik innan ein månad etter årsmøtet.

#### **Kurs for rifledommarar**

Skyttarkretsstyret går i dialog med andre skyttarkretsar og arrangerer eit rifledommarkurs i løpet av 2019, dersom det melder seg på minst 10 deltakarar.

## Protokoll etter styremøter

Skyttarkretsstyret publiserer heretter protokollar etter styremøter på kretsen si nettside.

### Sak 7: Fastsette kretskontingent for 2019

Skyttarkretsstyret la fram forslag om å halde kretskontingenten for 2019 uendra på kr 60,- per medlem over 20 år. Forslaget blei samrøystes vedteke.

### Sak 8: Behandle budsjett for 2019

Rolf Toven forklarte budsjettforslag for skyttarkretsen for 2019. Årstinget auka kontingentinntektene med 10 000, reisekostnadane med 10 000 og forsikringskostnaden med 5 000 slik at overskotet i budsjettet blir 1 200. Det justerte budsjettet blei vedteke samrøystes.

### Sak 9: Engasjere revisor

Skyttarkretsstyret la fram forslag om å engasjere Nordmøre Revisjon Kristiansund ved registrert revisor Odd E. Futsæter som revisor også for 2019. Forslaget blei vedteke samrøystes, men kretsstyret får i oppdrag å sjekke alternativ pris på revisjon til neste årsting.

### Sak 10: Val

Jon Arne Brekken presenterte valgkomiteen sitt forslag til tillitsvalde. Etter vala er dette dei tillitsvalde i Møre og Romsdal skyttarkrets for 2019:

#### Styret

Leiar	Helge Kristiansen	Sunndal PK	Gjenvald for 1 år
Nestleiar	Are Berg	Ørsta/Volda PK	Gjenvald for 1 år
Styremedlem	Rolf Toven	Nesset PK	Ikkje på val
Styremedlem	Sigbjørn Bredesen	Kristiansund PK	Ikkje på val
Styremedlem	Karoline Hansen	Storfjorden SSL	Vald for 2 år
Styremedlem	Hilde A. Sæter	Sunndal PK	Gjenvald for 2 år
Varamedlem	Tore Gundersen	Vigra og Valderøy PK	Ikkje på val
Varamedlem	Svein Krakeli	Eide/Fræna PK	Ikkje på val
Varamedlem	Olga Pavlova	Molde PK	Gjenvald for 2 år
Varamedlem	Amanda Dybendal	Storfjorden SSL	Vald for 2 år

#### Kontrollkomité

Medlem	Steinar Staurset	Fannefjord PK	Gjenvald for 1 år
Medlem	Morten Bergheim	Kristiansund PK	Gjenvald for 1 år
Varamedlem	Geir Liljevold	Vigra og Valderøy PK	Gjenvald for 1 år
Varamedlem	Geir Øverås	Vestnes PK	Gjenvald for 1 år

### Valkomit 

Leiar	Jon Arne Brekken	Sunndal PK	Gjenvald for 1 �r
Medlem	Bj�rn Egil Larsen	Vigra og Valder�y PK	Gjenvald for 1 �r
Medlem	Olaf Isaksen	Kristiansund Pk	Gjenvald for 1 �r
Varamedlem	Per Haugnes	Kristiansund PK	Gjenvald for 1 �r

### Val av representantar til Norges Skyttarforbund sitt  rsting i mai 2019

 rstinget valde lagsrepresentantane: May Britt Jensen med vara Amanda Dybendal og Harald Str mmegjerde med vara Morten Bergheim. Ved forfall har kretsstyret fullmakt til   velje andre deltakarar. Styret har ogs  fullmakt til   velje dei tre skyttarkretsrepresentantane.

### Sak 11: Bestemme stad for neste  rsting

Neste  rsting i M re og Romsdal Skyttarkrets blir i lokala til Norges Idrettsforbund, Idrettsvegen 2 i Molde. Det kom  nske om   nytte ei anna helg enn andre helga i februar til  rsting.


### Sak 12: Utdeling av medaljar og pokalar for 2018

Rolf Toven delte ut medaljar og pokalar til vinnarar i kretsmeisterskap i pistolskyting og kretscupen.

 rsta. 14. februar 2019. Referent: Are Berg

Signatur valde tingdeltakarar:

  
Jan Arve Wiik

  
Lena Bratteberg